


# 2017

## Årsmelding Norsk Spaniel Klub avd. Sogn og Fjordane



Desperados Golddigger (Giro) til Hermund Farnes vart godkjent ettersøkshund i år. Her frå vellukka hjortejakt i Balestrand. Foto: Eigar



## Avdelinga i tal - Rapport til NSK:

<b>Medlemmer:</b>	<b>49 (46+2+1)</b>	<b>+1 frå 2016</b>	<b>Diverse:</b>
<b>Møter:</b>	<b>Tal arrangem.:</b>	<b>Tal medlemmer (andre)med:</b>	
Styremøter:	3	3	23 jan – fysisk møte Sogndal 4. mai og 8 oktober – Skype Har hatt fortløpande kontakt på FB som vert teke inn i møtereferat
Komitémøte (planlegging):	3	3	Før prøvar
Medlemstreff/møte:	5	7 medlemmer + 2 andre	Mars: Luster Trimmekurs cocker April: Luster trening av diverse Juni: Luster trening jaktanlegg/apport Juli x 2: Luster trening jaktanlegg/bruks
Årsmøte/Aktivitetsdag:	1	10 medlemmer + 6 andre	Fagleg tema var spor, apport, stell 15 firbeinte var med!
<b>Arrangement:</b>	<b>Tal arrangem.:</b>	<b>Tal startar/ Medlemmer i avd.</b>	
Utstilling:	1	Ac 2+1, c 20, cl + 1, es 20+1, ws 1+1 = 43+4 8 frå avdelinga	Arrangør: Førde BHK
Jaktprøve:	0		
Apportprøve:	1	1 starta, 1 frå avd.	1 x ord
Jaktanlegg:	1	2 starta, 1 frå avd.	1 x ord
Ferskspor - bevegeleg:	1	6 påmeldt, 1 frå avdeling	Bevegeleg prøve
Blodspor:	4	Luster: 4 – 3 spaniels, 3 frå avd. Eid: 11 - 4 spaniels, 2 frå avd. Årdal: 7 -5 spaniels, 4 frå avd. Bevegeleg: 11 – 5 frå avd	Bevegeleg prøve + 3 x ordinær
Rallylydigheit	2	Årdal 1: 45 totalt – 7 spaniel Årdal 2: 46 totalt - 8 spaniel 6 + 7 spaniels frå avdelinga	
Brukshundprøve NBF-spor	1	5 starta – 2 spaniels – 1 frå avd	Kveldsprøve
Valpeshow:	1	4 – ingen frå avdelinga	Arrangør: Førde BHK
Kurs:	3	13 – 4 spaniels – 3 frå avd	Kvelpekurs+grunnlydigheit
<b>Kontakt med medlemmene:</b>			
Utsendt medlemsinfo		Jan: Årsmøtepapir sendt i posten Okt: Medlemsnytt Nov: e-post	
Våre Spaniels		Spalte i kvart nummer	
Heimeside		Prøver å oppdatere jevnleg Problem med program i starten av året.	
Facebook		Hyppige oppdateringar. Har 262 «følgere» ved utgangen av året mot 222 i fjor	
<b>Økonomi:</b>	<b>På konto 31/12:</b>	<b>Årsresultat:</b>	<b>Kommentar:</b>
	<b>Kr 69.056.-</b>	<b>+ 16.601</b>	

## Andre nøkkelopplysningar/tal:

<b>Dommarar:</b>	Tal:	
Ettersøk (blod/fersk)	6	Arvid Solheim, Årdal, Torstein Solset, Førde, Inger Handegård, Luster, Elin Anita Gjerde, Leikanger, Hilde Rotihaug og gjestedommar Arve Nes, begge Nordfjordeid
Jakt/JAL	1	Inger Handegård
Appellmerkeprøve LP	3	Inger Handegård, Laila Røneid, Linn Didriksen Solsvik
<b>Instruktørar:</b>		
	3	Inger Handegård (NKK trinn 2 jakt, rallylydigheit) Laila Irene Røneid og Linn Didriksen Solsvik (NKK trinn 1)
<b>Oppdrettarar med kennelnamn:</b>		
	4	Desperado (ess), Fjordgløtt (ess), Zelfa (ess), Miramora (am cock)

## Årsmelding for Norsk Spaniel Klub avdeling Sogn og Fjordane

### Styret har for 2017 sett slik ut:

Leiar: Laila Røneid, Årdal	Vald 2016 for 2 år
Nestleiar: Hilde Rotihaug, Nordfjordeid	Vald 2017 for 2 år
Styremedlem: Inger Handegård, Luster	Vald 2016 for 2 år Er også leiar BK og BK-kontakt
1. vara/Torhild Ulvesæther	Vald 2017 for 1 år
Kasserer: Per Ståle Vågane, Flora	Vald 2017 for 1 år Er også jaktkontakt
RS-utsendingar:	Laila Røneid, Inger Handegård
Revisor: Torstein Solset, Førde	Vald 2017 for 1 år

### Valnemnd:

Linn Didriksen Solsvik ( attval for 1 år), Lars Gunnar Røneid (ny 2017 for 1 år)  
Vara: Ingen

Internettansvarleg: Inger Handegård

Styremedlemmer vert vald for 2 år om gongen.

Leiar, jakt og brukshundkontakt, revisor og valnemnd vert vald årleg.

Leiar og brukshundkontakt vert vald mellom styremedlemmene.



**RS-17 Laila** reiste og representerte avdelinga. Inger var med på dag 2.



### Årsmøte på Skei hotell 11 februar

Det møtte 10 medlemmer med stemmerett + seks gjester. Det var medlemmer frå heile fylket som møtte. Som vanleg var årsmøtet fort unnagjort. Styret stilte med premiar til utlodding og alle kunne reise heim med minst ein gevinst! Kjøpsviljen på lodd var også STOR! Elin Anita Gjerde gjekk ut av styret og vart takka for sitt arbeid for klubben. Takk til Hilde Rotihaug som sa seg villig til å verte ny nestleiar og til Torhild Ulvesæther som går inn som vara til styret. Kasserer

Per Ståle Vågane fekk ei lita helsing då han akkurat har runda 50 år. Det vart delt ut premiar og gratulasjonar til årets hund og årets debutantar. Etter årsmøtet var det lunsj på hotellet.

I tillegg til årsmøte var det fagtema og aktivitetsdag. Fagtema spor, apport, pelsstell, ta vare på hunden og bygning i forhold til bruk/arbeidsoppgåver. Hotellet var svært positive til hund og me fekk med hund inn på møterommet for å vise apport og stell. Me hadde besøk av potensielle spanieleigarar som yngste å lære meir om spaniels som ettersøkshund. Alle medlemmene på årsmøtet trenar spor med hunden sin og mange har godkjent ettersøkshund og driv med konkurransar, ettersøk og praktisk hjortejakt.

Inger hadde korte føredrag på kvart tema, så var me ute og hadde slepespor til dei hundane med minst erfaring på dette og hjelpte til med apportproblem. Etterpå fekk dei som ville hjelp til gjennomgang med stell, klipping osv. Det var heile 15 spaniels på Skei denne dagen – alle var engelske springere! Til neste år håpar me på større variasjon i rasar!

### Informasjon til medlemmene via heimeside, facebookside, e-post og brev

Me prøver å oppdatere heimesida regelmessig. Facebooksida vert brukt hyppig til ting med kortare varigheit og påminningar, treningstips og anna informasjon. I januar sendte me årsmøtepapir ut til alle medlemmene i posten, då me ikkje hadde annonsert årsmøtet i Våre Spaniels. I oktober vart det sendt ut nytt Medlemsnytt på e-post og i november vart det sendt ut invitasjon til kurs på e-post. Det er nokre få medlemmer som ikkje har registrert/registrert feil E-post adresse på Min side hjå [www.nkk.no](http://www.nkk.no). Alle medlemskriv vert også lagt ut på klubben si heimeside. Alle nye medlemmer skal få ein velkomst e-post med litt praktisk informasjon og lenker, ikkje så alt for lenge etter at dei melder seg inn.

### Økonomi:

Året gav eit overskot grunna bruk av eigne dommarar på blodsporprøvane. Sjå rekneskap.

### Høyringar:

Det er sendt inn svar på høyring i november som gjeld nytt regelverk for blodsporprøvar.

### Treningar

2017 har av ulike grunnar vore eit litt labert år når det gjeld tilbud om treningar, men det har vore fem mindre treningar i Luster. Få har nytta seg av dette tilbudet.



### Spaniels på utstillinga i Førde/Sande i oktober

Arrangør som vanleg Førde brukshundklubb. Det var påmeldt 43 vaksne spaniels (2 amerikanere, 20 cockere og 20 engelske springere) og 4 kvelpar (1 amerikaner, 1 clumber, 1 engelsk springer og 1 welsh). 20 springere er ny rekord, og springer var den mest tallrike rasen på utstillinga. Av dei totalt 47 spanielene er berre 8 busett i fylket. Dette er vel også ny rekord? Gunilla Skallman, Sverige dømte amerikanere og welsh, Ann Long-Doyle, Irland dømte cocker og springer og kvelpar vart dømt av Linda Kjeksrud. Spanielane sette på nytt merke etter seg då det vart BIG kvelp, BIG vaksen og BIS-oppdrett. Ekstra kjekt var det at eit cert gjekk til ein ny, ung hund i avdelinga.

### Kvelpekurs og kurs i grunnlydigheit

Kurset vart annonsert ope for alle og interessa var så stor med 13 påmeldte, at det vart delt på tre instruktørar; Inger Handegård, Laila Røneid og Linn Didriksen Solsvik. Me leigde ridehallen og haldt kurset der. 4 spaniels var med, 2 welsher, 1 cocker og 1 springer.



### Hjelp til pelsstell/kurs

Ein cocker har nytta seg av dette tilbodet i 2017.



### Jaktanleggsprøve og apportprøve – ordinær – 26. august

Dommar var Inger Handegård. To hundar meldte seg på JAL og ein av desse var frå vår avdeling. Begge var springere. Begge hundane bestod prøven. Ein hund var påmeldt apportprøven i BK og bestod denne.

### Bevegelege blodspor og fersksporprøvar

10 + ein hund har starta på bevegelege blodsporprøvar i regi av avdelinga i år. Av dei 5 spaniels, springer og amerikaner, alle medlemmer av avdelinga. Det vart delt ut 7 x 1. premie, og 1 x 2. pr, 1 x 3 pr og 1 x 0. På fersksporprøve i regi av avdelinga var det påmeldt 6 hundar – ein springer. Dømt har Arvid Solheim, Elin Anita Gjerde, Arve Nes, Hilde Rotihaug og Inger Handegård.



### Blodsporprøve i Luster 7 og 8 . juni - kveldsprøve

Prøven hadde 4 startande hundar- 2 kvar dag – av desse 3 spaniels. Dømte gjorde Inger Handegård 7 juni og Jan Inge Skjerven 8. juni. Det vart delt ut 2 x 1. premie, 0 x HP og 2 x 0. Spora var 20 timar

gamle, det var god fuktigheit i skogen men mykje vind den 7. juni og mykje regn den 8. juni. Det var stor aktivitet frå vilt i områda, grevling og hjort.



#### Blodsporprøve på Nordfjordeid 4. juni

Prøven hadde 11 startande hundar - av desse 4 spaniels – 3 springere og 1 cocker. Dømte gjorde Arve Nes og Hilde Rotihaug. Det vart delt ut 6 x 1. premie, 0 x HP, 1 x 2. premie, 1 x 3 premie og 3 x 0. Tradisjonen tru var dette også ein triveleg prøve med sosialt innslag for både sporleggarar, dommarar og deltakarar.



#### Blodsporprøve i Årdal 24. juni

Blodsporprøve nr. 3 i avdelinga si regi. Denne gongen på Seimsåsen i Årdal. Dømte gjorde Hilde Rotihaug og Inger Handegård. 7 hundar starta, av dei 5 spaniels. Det var vått i skogen og beitande sau, men det klarna opp om morgonen før sporgåing så forholda vart brukbare. I år var det ikkje like mykje hjort i området som i fjor. Det vart 4 x 1. premie, 3 x 3. premie og 3 x 0. Alle deltakarane vart servert rømmegraut, spekemat, kaffe og kaker etter at spora var gått. Takk til Laila, Lars Gunnar og Kjetil som stod for heile prøven.

Totalt har det blitt 14 blodsporstartar på hundar frå avdelinga i år!  
Avdelinga har, etter det me kjenner til, fått ein nye godkjendtt ettersøksekvipasje i år. Foto på framsida.

#### NM blodspor 2017

Ingen hundar frå avdelinga starta i år.

#### NM rallylydigheit 2017

Inger/Aya stod på 1. reserve til direkte finaleplass og prøvde å kvalifisere seg på laurdagens kvalik – utan hell.



### Dobbelt rallystevne i Årdal 9 og 10 september

På årets stevne starta 45 + 46 hundar. Av dei påmeldte var det 7 spaniels laurdag og 8 søndag. Alle var springere og alle med unntak av ein er busett i avdelinga! Desse hundane gjekk i klasse 1, 2, 3 og elite. Dommar Maria Syltebø Opstad var ein behageleg dommar å gå for, men det var likevel berre to spaniels som gjekk til 1. premie laurdag og ingen på søndagens stevne. Spesielt i eliteklasse var diskeprosenten høg. Som vanleg kåra me beste spaniel kvar dag +

sammanlagt. Me takkar alle som gav oss flotte premiar til dette stevnet.



### Brukshundprøve NBF-spor C og D i Luster 30. august

Prøven vart arrangert som kveldsprøve med 3 startande hundar i D og to i C. To spaniels/springere starta i D – ein av desse vart godkjent og bese D-hund for dommar Audun Gudbrandsstuen.


### Regionmesterskap i rally, lydighet, agility og blodspor i regi av NKK Nordvestlandet

Regionmesterskapet i LP og AG var i samband med NKK-Ålesund. Ein hund frå avdelinga starta lydighet i klasse 2. Regionmesterskap i blodspor vart arrangert

av Sunnmøre Hundeklubb på Strandafjellet. Ingen frå avdelinga var med her som styret veit om. På regionmesterskapet i rally som gjekk på Eid var det med 4 spaniels frå avdelinga. Regionmesterskap er eit flott tiltak som me håpar vil halda fram.

### NSK avd. Sogn og Fjordane er framleis leiar for NSK's brukshundkomite

Inger Handegård er leiar i brukshundkomiteen, medan Ellen Getz Wold (Oslo/Akershus) og Wenche Randi Krogstad (Sør-Trøndelag) er medlemmer. BK har hatt eit par saker i løpet av 2017.



### Nye spanielkvelpar i Sogn og Fjordane – potensielle nye medlemmer til avdelinga

Det er, etter det styret kjenner til, fødd to spanielkull i fylket i 2017, begge engelsk springer spaniel.

I fylgje NKK sin registreringsstatistikk for 2016 er det - av totalt 426 nyregistrerte hundar i fylket dette året, også i år 18 nye spaniels: 4 amerikanere (Askvoll, Flora, Førde, Lærdal), 8 cockere (Flora, Førde, Luster, Stryn) og 6 engelsk springer (Flora, Førde, Høyanger, Sogndal, Vik). 2017 statistikken viser 13 nye spaniels: 3 amerikanere (Flora, Lærdal), 4 cockere (Eid, Flora, Naustdal, Årdal) og 6 engelsk springer (Eid, Flora, Jølster, Luster, Naustdal, Stryn).

### Nye champions i avdelinga i 2017:

- Utstilling:** NUCH NSEVCH RL3 BH Desperados Zelda til Laila Røneid
- Rallylydigheit:** NRLCH NVCH RL1 RL2 RL3 BH Desperados Finnwin til Inger Handegård
- Viltspor:** NVCH RL1 Desperados Golden Gun til Morten Norheim  
NVCH Desperados Goldfinger til Hilde Rotihaug

### Spaniels i avdelinga som har fått nye mellomtitlar og andre titlar i 2017

NVCH RL1 Desperados Golden Gun til Renate Skophamar fekk tittelen RL1.

### Årets mestvinnande i fylket 2017:


Det er medlemmene som har ansvar for å sende inn eigne resultat. Styret plukkar ut vinnar av årets debutant og junior frå bl.a. heimesida og FB-sida til klubben, frå medlemsmøte, samlingar og kurs. Det var ingen aktuelle kandidatar til årets junior i år, så den går ut. Årets debutant er plukka ut frå dei som har vore aktive på offisielle arrangement og som også har vore aktive på klubben sine arrangement.

- Årets hund:** NRLCH NVCH RL1 RL2 RL3 BH Desperados Finnwin til Inger Handegård
- Årets debutant:** Ingen kandidatar i år
- Årets junior:** Ingen kandidatar i år

Alle vinnarane får ei helsing på årsmøtet, presentasjon på heimesida og i spalta vår i Våre Spaniels.

### Ny dommar/instruktørar:

Ingen nye i 2017.



### Dette er me gode til i avdelinga vår:

- Få til variert aktivitet
- Arrangere offisielle arrangement som blodspor, jaktanleggsprøve og rallylydigheit
- Dugnadsånd!
- Ha god stemning på arrangementa våre
- Hjelpa kvarandre og skubba kvarandre oppover
- Finna løysingar på praktiske problem
- Oppnå resultat
- Ha god økonomistyring